



STORD  
KOMMUNE



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 30.06.2016  
Vår ref: 2015/2004 - 14732/2016 / 233  
Dykkar ref:

## Kulturelt utviklingsprogram 2015 - søknad om utsetjing for bruk av tilskott.

Me syner til skriv frå Hordaland fylkeskommune, datert 23.09.2015, der Stord kommune vart underretta om tildeling av tilskott frå midlane «Kulturelt utviklingsprogram». Tilskottet skulle nyttast til eit forprosjekt; LEIRVIK FYRSTASJON SOM ARENA FOR KULTUR OG OPPLEVING. Stord kommune fekk overført kr 155 000,- i tilskott for perioden 2015 til og med 2016. Midlane er pr i dag ikkje nytta, men sett på fond. Me søker med dette å få behalda midlane for bruk i 2017 til og med våren 2018.

Grunnen til at me ikkje har sett i gong tiltak er at me har venta på realisering av ny lending til øya. Sidan lendinga er därleg, er det vanskeleg å invitere til større og mindre arrangement. Det var sett av midlar i investeringsbudsjettet for 2016, 1,5 million, men det viste seg å ikkje vera nok. Under budsjettrevisjonen i juni i år løyve kommunestyret ekstra midlar. No, når planar og finansiering for lending er på plass, har me starta arbeidet med førebu tiltak i 2017 og 2018.

Me vil setje i gong tiltak i samsvar med tidligare søknad. I lag med representantar frå Sunnhordland museum, Galleri Giga og Venelaget for Leirvik fyr har me samlast til idémyldring for tiltak, -aktuelle samarbeidspartnarar og me har drøfta praktiske spørsmål for gjennomføring. Dersom me får overføre tilskottet til 2017 og 2018 vil me i fyrste omgang starte med konkret planlegging av følgjande forsøksprosjekt:

- Opning av Leirvik fyrstasjon med ulike arrangement og aktiviteter både ute og inne. Mindre konserter, teater, utstilling av lokal kunstnar og det skal vera servering av fiskemat. Arrangementet krev samarbeid med fleire aktørar. Aktuell dag er søndag 11. juni.
- I samarbeid med Galleri Giga ønskje me å invitere ein kunstnar til å bu på fyrstasjonen i minst ein veke. Påfølgjande år skal kunstnaren stille ut sine arbeider i Galleri Giga.
- Arrangement / seminar på fyrstasjonen i samband med Nynorsk barnebokfestival Falturiltu hausten 2017.
- Ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom private og offentlige verksemder som arrangerer utstillingar, det være museet, kunstlag og private galleri i Stord og Fitjar.

Arrangementa skal rette seg mot alle aldersgrupper. Det er aktuelt å samarbeide om tilbod i regi av «Den kulturelle skulesekken».

Me vil utvikle fyrtasjonen som ein arena for kultur og oppleveling, men er avhengig av økonomisk støtte. Me håper Hordaland fylkeskommune kan overføre tilskott, kr 155 000, for bruk i 2017 og våren 2018.

Med helsing

Guri Andresen Aksnes  
kultukonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*